

576-22

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN  
\*\*\*\*\*

J. 20/82

Regulering av rekefisket i Barentshavet i 1982.  
-----

Med heimel i §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene og kgl. res. av 17. januar 1964, har Fiskeridepartementet 8. mars 1982 fastsett følgjande forskrifter:

## § 1

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket etter reker med trål i visse område i Barentshavet i avgrensa tidsrom for å avgrense fisket av undermåls reker og bifangstar av undermåls torsk og hyse.

## § 2

Norske fiskarar kan i 1982 fiske inntil 2000 tonn reker i det området av Barentshavet som støyter opp til kysten av Sovjetunionen (Sovjetunionens fiskerisone).

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket etter reker i det området av Barentshavet som det er vist til i første ledd når det blir utrekna at kvoten på 2.000 tonn er oppfiska.

## § 3

Farty som i 1981 fekk løyve av Fiskeridirektøren til å fryse reker om bord for produksjon i land, og farty som får slikt løyve av Fiskeridirektøren i 1982, kan fryse reker om bord for produksjon i land.

## § 4

Fiskeridirektøren kan gi nærare forskrifter om gjennomføring og utfylling av reglane i desse forskriftene.

## § 5

Desse forskriftene tar til å gjelde straks.

  
-----